



Arnhild Sagstad  
Løhøyen 15  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6701 - 18/18640

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
05.07.2018

## Førespurnad om utgreiing - gbnr 134/359 Hilland

Lindås kommune viser til samsvarserklæring med ferdigmelding for utført rørleggararbeid på garasje på gbnr 134/359 Hilland, journalført mottatt 26.03.2018. Vi viser også til telefonsamtale den 5. juni med Merete Skarsvåg hos Skarsvåg Rør og Interiør AS, som har sendt inn samsvarserklæringa, der det er opplyst at garasjen er tatt i bruk til bustadføremål.

Det vart i vedtak datert 01.04.2015 gitt løyve til oppføring av garasje på gbnr 134/359. Garasjen er knytt til seksjon nr 1 som Arnhild Sagstad eig. Bygget er godkjend til garasjeføremål med disponibelt areal i andre etasje.

Det vart i skriv datert 02.11.2015 godkjend rørleggarmelding for tilkopling til kommunalt vass- og avløpsanlegg for garasjen. Det er i søknaden om tilknytning ikkje gjort greie for at bruken av garasjen er endra i forhold til gitt løyve. Ansvarleg føretak Caverion Mongstad AS ved Espen Jetmundsen trakk i skriv datert 07.01.2016 tilbake søknaden om tilknytning til kommunalt VA-anlegg, og opplyste om at kunden ønska kreditnota på innbetalt beløp. Tilknytingsgebyr er i etterkant kreditert.

Gitt løyve til oppføring av garasje er godkjend for garasjeføremål og ikkje bustadføremål. Dersom garasjen er innreidd med rom for varig opphald er det ikkje i samsvar med gitt løyve.

Søknad om tilknytning til kommunalt vass- og avløpsanlegg er trekt og innbetalt gebyr er tilbakebetalt. Løyyet er følgjeleg ikkje lenger gjeldande. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre eller er godkjend ny søknad om tilknytning

Kommunen har ikkje tatt stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova eller kommunalt reglement for tilknytning til kommunalt vass- og avløpsanlegg, og ber i første omgang om ei utgreiing av tilhøvet. Utgreiinga vert å senda

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø eller [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

**Frist for tilbakemelding vert sett til 15.08.2018.**



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arnhild Sagstad	Løhøyen 15	5911	ALVERSUND
Eining for teknisk drift			
Skarsvåg Rør og Interiør AS	Melandsvegen 15	5918	FREKHAUG

**Mottakarar:**

Arnhild Sagstad	Løhøyen 15	5911	ALVERSUND
Skarsvåg Rør og Interiør AS	Melandsvegen 15	5918	FREKHAUG